





Elisabeth Rebaudo – 11 år og leiar av Samarbeidsutvalet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Om det er Noregsrekord veit vi ikkje, men det er i alle fall ikkje vanleg: Ein sjetteklassing på 11 ½ år er vald til leiar av samarbeidsutvalet ved Uskedalen oppvekstsenter. Ho vart vald samrøystes av dei fire røysteføre som var med på møtet.

- Elisabeth tok i mot vervet etter ei tenkenatt. Sporty og gledeleg, skriv rektor Vidar Haugland i referatet. Sjølv innrømmer Elisabeth, som blir 12 i februar, at ho er både nervøs og spent foran oppgåva.
- Men både Vidar (rektor, red.anm.) og Åse (læraren hennar, red.adm.). sa at eg burde prøva fordi eg passar til denne jobben og difor sa eg ja, seier Elisabeth til uskedalen.no.
- Ho legg til at ho ikkje har leiarerfaring, men frå anna hald på skulen høyrer vi at Elisabeth har utprega leiar-eigenskapar og klåre meiningar om litt av kvart.
- Ho har også sunne fritids-interesser.
- Før var ho ivrig med på jentelaget i fotball.
- Men det vart kjedeleg, seier Elisabeth, som frå denne hausten skifta til noko heilt anna: gitarspel på kulturskulen.
- Er du flink på gitaren?
- Ikkje enno, men eg har ikkje vore på øving så mange gonger.
- Når blir det neste møtet i samarbeidsutvalet og kva kjem opp der?
- Vidar seier at eg skal kalla inn til møte når eg har aktuelle saker. Men er er ikkje fleire enn tre-fire møter i året, opplyser den nye leiaren.

Under det konstituerande møtet vart utvalet redusert frå 11 til sju medlemmer i tråd med ein søknad til fylkesmannen. Søknaden vart sendt i november i fjor og det har enno ikkje kome noko formelt svar. Men etter fleire purringar frå kommunalsjef Asbjørn Skår utan resultat har han gjeve beskjed til skulen om at dei kan rekna søknaden som innvilga.

Samarbeidsutvalet består etter dette av Silje Øye (foreldrerepresentant i barnehagen), Åse Ludvigsen (representant for dei tilsette i barnehagen), Randi Pedersen (foreldrerepresentant i skulen), Åse Neset (representant for dei tilsette i skulen), Elisabeth Rebaudo (elevrepresentant), Bjørn Martin Haugland (elevrepresentant) og Gunn Mari Moberg (representant for kommunen, politisk vald). Dei to styrarane Vidar Haugland og Marianne L. Bjørnebøle har møte- og talerett. Samarbeidsutvalet har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld skule og barnehage. I tillegg skal utvalet godkjenne årsplanen for barnehagen..

Ein sak på møtet var endringa av KrL-faget til RLE som ein konsekvens av dom i den europeiske menneskerettsdomstolen. Spørsmålet er om dommen kan ha konsekvensar for rutinar ved Uskedalen skule, til dømes gudstenester, bøn og adventsamlingar. Saka blir teke opp att på neste møte - i månadsskiftet oktober/november.

Av Ola Matti Mathisen